**2013/EØS/31/05**

# AVGJERD I EØS-KOMITEEN nr. 5/2013

## av 1. februar 2013

## om endring av vedlegg I (Veterinære og plantesanitære tilhøve) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 451/2012 av 29. mai 2012 om tilbaketrekking frå marknaden av visse tilsetjingsstoff i fôrvarer som tilhøyrer den funksjonelle gruppa «tilsetjingsstoff til ensilasje»([1]) skal takast inn i EØS-avtala.

2) Kommisjonsforordning (EU) nr. 610/2012 av 9. juli 2012 om endring av forordning (EF) nr. 124/2009 av 10. februar 2009 om fastsettelse av grenseverdier for forekomst av koksidiostatika eller histomonostatika i næringsmidler som følge av uunngåelig overføring av disse stoffene til fôr til dyr utenfor målgruppen([2]) skal takast inn i EØS-avtala.

3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 832/2012 av 17. september 2012 om godkjenning av eit preparat av ammoniumklorid som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppfôringslam (innehavar av godkjenninga: Latochema Co. Ltd)([3]) skal takast inn i EØS-avtala.

4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 837/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av 6-fytase (EC 3.1.3.26) framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 22594) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for fjørfe, avvande smågrisar, oppfôringssvin og purker (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd)([4]) skal takast inn i EØS-avtala.

5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 838/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av *Lactobacillus brevis* (DSMZ 21982) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar([5]) skal takast inn i EØS-avtala.

6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 839/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av urea som tilsetjingsstoff i fôrvarer for drøvtyggjarar([6]) skal takast inn i EØS-avtala.

7) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer og næringsmiddel. Føresegner om fôrvarer og næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala og i innleiinga til kapittel XII i vedlegg II til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.

8) Vedlegg I og II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 1zzzzzb (kommisjonsforordning (EF) nr. 124/2009) vert følgjande lagt til:

   ", endret ved:

   – **32012 R 0610**: Kommisjonsforordning (EU) nr. 610/2012 av 9. juli 2012 (EUT L 178 av 10.7.2012, s. 1)."

2. Etter nr. 52 (kommisjonsrekommandasjon 2011/25/EU) skal nye nr. 53–57 lyde:

([1]) TEU L 140 av 30.5.2012, s. 55.
([2]) TEU L 178 av 10.7.2012, s. 1.
([3]) TEU L 251 av 18.9.2012, s. 27.
([4]) TEU L 252 av 19.9.2012, s. 7.
([5]) TEU L 252 av 19.9.2012, s. 9.
([6]) TEU L 252 av 19.9.2012, s. 11.

"53. **32012 R 0451**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 451/2012 av 29. mai 2012 om tilbaketrekking frå marknaden av visse tilsetjingsstoff i fôrvarer som tilhøyrer den funksjonelle gruppa «tilsetjingsstoff til ensilasje» (EUT L 140 av 30.5.2012, s. 55).

54. **32012 R 0832**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 832/2012 av 17. september 2012 om godkjenning av eit preparat av ammoniumklorid som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppfôringslam (innehavar av godkjenninga: Latochema Co. Ltd) (EUT L 251 av 18.9.2012, s. 27).

55. **32012 R 0837**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 837/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av 6-fytase (EC 3.1.3.26) framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 22594) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for fjørfe, avvande smågrisar, oppfôringssvin og purker (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd) (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 7).

56. **32012 R 0838**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 838/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av *Lactobacillus brevis* (DSMZ 21982) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 9).

57. **32012 R 0839**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 839/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av urea som tilsetjingsstoff i fôrvarer for drøvtyggjarar (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 11)."

*Artikkel 2*

I vedlegg II til EØS-avtala kapittel XII nr. 54zzzzc (kommisjonsforordning (EF) nr. 124/2009) vert følgjande lagt til:

", endret ved:

– **32012 R 0610**: Kommisjonsforordning (EU) nr. 610/2012 av 9. juli 2012 (EUT L 178 av 10.7.2012, s. 1)."

*Artikkel 3*

Teksta til forordning (EU) nr. 451/2012, (EU) nr. 610/2012, (EU) nr. 832/2012, (EU) nr. 837/2012, (EU) nr. 838/2012 og (EU) nr. 839/2012 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. februar 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(*).

*Artikkel 5*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 1. februar 2013.

For EØS-komiteen

***Gianluca Grippa***

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.